Brønnøysundregistrene

# ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2018 - GENERELL INFORMASJON

**Enheten**

| | |
|---|---|
| Organisasjonsnummer: | 987 550 341 |
| Organisasjonsform: | Forening/lag/innretning |
| Foretaksnavn: | I/S FJORDVEGEN RUTE 13 |
| Forretningsadresse: | Kjobergbygget<br>5782 KINSARVIK |

**Regnskapsår**

| | |
|---|---|
| Årsregnskapets periode: | 01.01.2018 - 31.12.2018 |

**Konsern**

| | |
|---|---|
| Morselskap i konsern: | Nei |

**Regnskapsregler**

| | |
|---|---|
| Regler for små foretak benyttet: | Ja |
| Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: | Regnskapslovens alminnelige regler |

**Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ**

| | |
|---|---|
| Bekreftet av representant for selskapet: | Gerd Helen Bø |
| Dato for fastsettelse av årsregnskapet: | 13.03.2019 |

**Grunnlag for avgivelse**

År 2018: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2017: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2018

*Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.*

Brønnøysundregistrene, 31.10.2021

# Resultatregnskap

| Beløp i: NOK | Note | 2018 | 2017 |
|---|---|---|---|
| **RESULTATREKNESKAP** | | | |
| **Inntekter** | | | |
| Medlemskontingenter og refusjoner | 3 | 865 425 | 700 023 |
| Tilskudd | | | 150 000 |
| **Sum inntekter** | | **865 425** | **850 023** |
| **Kostnader** | | | |
| Annen driftskostnad | 2 | 909 786 | 837 605 |
| **Sum kostnader** | | **909 786** | **837 605** |
| **Driftsresultat** | | **-44 361** | **12 418** |
| **Finansinntekter og finanskostnader** | | | |
| Anna renteinntekt | | 4 463 | 5 052 |
| **Sum finansinntekter** | | **4 463** | **5 052** |
| **Netto finans** | | **4 463** | **5 052** |
| **Ordinært resultat før skattekostnad** | | **-39 898** | **17 470** |
| **Ordinært resultat etter skattekostnad** | | **-39 898** | **17 470** |
| **Årsresultat** | | **-39 898** | **17 470** |
| **Årsresultat etter minoritetsinteresser** | | **-39 898** | **17 470** |
| **Overføringar og disponeringar** | | | |
| Overføringer annen egenkapital | 4 | -39 898 | 17 470 |
| **Sum overføringar og disponeringar** | | **-39 898** | **17 470** |

# Balanse

| Beløp i: NOK | Note | 2018 | 2017 |
|---|---|---|---|
| **BALANSE - EIGEDELAR** | | | |
| **Anleggsmiddel** | | | |
| **Immaterielle eigedelar** | | | |
| **Sum anleggsmiddel** | | **0** | **0** |
| **Omløpsmiddel** | | | |
| **Varer** | | | |
| **Krav** | | | |
| Kundefordringer | | 77 500 | 80 000 |
| **Sum krav** | | **77 500** | **80 000** |
| **Bankinnskot, kontantar og liknande** | | | |
| Bankinnskudd, kontanter o.l. | | 465 969 | 568 327 |
| **Sum bankinnskot, kontantar og liknande** | | **465 969** | **568 327** |
| **Sum omløpsmiddel** | | **543 469** | **648 327** |
| **SUM EIGEDELAR** | | **543 469** | **648 327** |
| **BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD** | | | |
| **Eigenkapital** | | | |
| **Innskoten eigenkapital** | | | |
| **Opptent eigenkapital** | | | |
| Annen egenkapital | 4,5 | 33 658 | 383 556 |
| **Sum opptent eigenkapital** | | **33 658** | **383 556** |
| **Sum eigenkapital** | | **33 658** | **383 556** |
| **Sum langsiktig gjeld** | | **0** | **0** |
| **Kortsiktig gjeld** | | | |

# Balanse

| Beløp i: NOK | Note | 2018 | 2017 |
|---|---|---|---|
| Leverandørgjeld | | | 137 160 |
| Annen kortsiktig gjeld | | 509 811 | 127 611 |
| **Sum kortsiktig gjeld** | | **509 811** | **264 771** |
| | | | |
| **Sum gjeld** | | **509 811** | **264 771** |
| | | | |
| **SUM EIGENKAPITAL OG GJELD** | | **543 469** | **648 327** |

# Årsregnskap 2018
# for

# I/S Fjordvegen

Foretaksnr. 987550341

I/S Fjordvegen

# Resultatregnskap

| | Note | 2018 | 2017 |
|---|---|---|---|
| **DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER** | | | |
| **Driftsinntekter** | | | |
| Medlemskontingenter og refusjoner | 3 | 865 425 | 700 023 |
| Tilskudd | | 0 | 150 000 |
| **Sum driftsinntekter** | | **865 425** | **850 023** |
| **Driftskostnader** | | | |
| Annen driftskostnad | 2 | 909 786 | 837 605 |
| **Sum driftskostnader** | | **909 786** | **837 605** |
| **DRIFTSRESULTAT** | | **(44 361)** | **12 418** |
| **FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER** | | | |
| **Finansinntekter** | | | |
| Annen renteinntekt | | 4 463 | 5 052 |
| **Sum finansinntekter** | | **4 463** | **5 052** |
| Annen finanskostnad | | 0 | 0 |
| **NETTO FINANSPOSTER** | | **4 463** | **5 052** |
| **ORDINÆRT RES. FØR SKATTEKOSTNAD** | | **(39 898)** | **17 470** |
| Skattekostnad på ordinært resultat | | 0 | 0 |
| **ORDINÆRT RESULTAT** | | **(39 898)** | **17 470** |
| **ÅRSRESULTAT** | | **(39 898)** | **17 470** |
| **OVERF. OG DISPONERINGER** | | | |
| Overføringer annen egenkapital | 4 | (39 898) | 17 470 |
| **SUM OVERFØRINGER OG DISPONERINGER** | | **(39 898)** | **17 470** |

I/S Fjordvegen

# Balanse pr. 31.12.2018

| | Note | 31.12.2018 | 31.12.2017 |
|---|---|---|---|
| **EIENDELER** | | | |
| **OMLØPSMIDLER** | | | |
| **Fordringer** | | | |
| Kundefordringer | | 77 500 | 80 000 |
| **Sum fordringer** | | **77 500** | **80 000** |
| Bankinnskudd, kontanter o.l. | | 465 969 | 568 327 |
| **SUM OMLØPSMIDLER** | | **543 469** | **648 327** |
| **SUM EIENDELER** | | **543 469** | **648 327** |
| **EGENKAPITAL OG GJELD** | | | |
| **EGENKAPITAL** | | | |
| **Opptjent egenkapital** | | | |
| Annen egenkapital | 4,5 | 33 658 | 383 556 |
| **Sum opptjent egenkapital** | | **33 658** | **383 556** |
| **SUM EGENKAPITAL** | | **33 658** | **383 556** |
| **GJELD** | | | |
| **KORTSIKTIG GJELD** | | | |
| Leverandørgjeld | | 0 | 137 160 |
| Annen kortsiktig gjeld | | 509 811 | 127 611 |
| **SUM KORTSIKTIG GJELD** | | **509 811** | **264 771** |
| **SUM GJELD** | | **509 811** | **264 771** |
| **SUM EGENKAPITAL OG GJELD** | | **543 469** | **648 327** |

Kinsarvik 10.04.2019 (03)

Gerd Helen Bø
styreleiar

Roald Aga Haug
styremedlem

Sigbjørn Hauge
nestleiar

Morten Midlang
styremedlem

Irene Heng Lauvsnes
styremedlem

Arne Bergsvåg
styremedlem

Marthe Hammer
styremedlem

Arnstein Menes
styremedlem

Jostein Eitrheim
dagleg leiar

Årsregnskap for I/S Fjordvegen Organisasjonsnr. 987550341

I/S Fjordvegen

# Noter 2018

## Regnskapsprinsipper:

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og god regnskapsskikk. Selskapet har videre fulgt relevante bestemmelser i Norsk Regnskaps Standard utarbeidet av Norsk Regnskaps Stiftelse.

De unntaksregler som gjelder for små foretak er anvendt der annet ikke er angitt i regnskapsprinsipper.

**Omløpsmidler og kortsiktig gjeld**

Omløpsmidler og kortsiktig gjeld omfatter normalt poster som forfaller til betaling innen ett år etter siste dag i regnskapsåret, samt poster som knytter seg til varekretsløpet. Omløpsmidler vurderes til laveste verdi av anskaffelseskost og antatt virkelig verdi (Laveste verdis prinsipp).

**Anleggsmidler og langsiktig gjeld**

Anleggsmidler omfatter eiendeler bestemt til varig eie og bruk for virksomheten. Anleggsmidler er vurdert til anskaffelseskost. Varige driftsmidler føres opp i balansen og avskrives over driftsmidlets forventede økonomiske levetid. Varige driftsmidler nedskrives til virkelig verdi ved verdifall som forventes ikke å være av forbigående art. Nedskrivinger blir reversert når grunnlaget for nedskrivingen ikke lenger finnes å være til stede.

**Inntektsføring**

Inntektsføring ved salg av varer skjer på leveringstidspunktet. Tjenester inntektsføres i takt med utførelsen. Andelen av salgsinntekter som knytter seg til fremtidige serviceytelser, balanseføres som uopptjent inntekt ved salget og inntektsføres deretter i takt med levering av ytelsene.

## Note 1 - Generelt

I/S Fjordvegen har ikke erverv til formål og driver ikke økonomisk virksomhet. I/S Fjordvegen er derfor fritatt for skatteplikt og det er ikke beregnet skattekostnad i årsregnskapet.

I/S Fjordvegen

# Noter 2018

## Note 2 - Annen driftskostnad

| | | 2018 | 2017 |
|---|---|---|---|
| 4500 | FREMMEDYTELSER OG | 22 901 | 29 000 |
| 6300 | LEIE LOKALER | 57 059 | 55 419 |
| 6700 | REGNS.HONORAR | 21 138 | 18 629 |
| 6705 | REVISJONSHONORAR | 5 000 | 8 424 |
| 6790 | ANDRE FREMMEDE TJENESTER | 487 570 | 408 777 |
| 6791 | HONORAR TIL HARDANGERRÅDET | 189 000 | 189 000 |
| 6860 | MØTER,KURS | 101 626 | 62 725 |
| 7140 | REISEKOSTN.IKKE OPPG.PL | 18 667 | 53 593 |
| 7320 | REKLAMEKOSTNADER | 2 784 | 2 527 |
| 7420 | GAVER FRADRAGSBERETTIGEDE | | 5 508 |
| 7770 | BANK-OG KORTGEBYRER | 3 966 | 4 004 |
| 7790 | ANDRE KOSTNADER | 75 | |
| | | **909 786** | **837 605** |

## Note 3 - Inntekter

**Medlemmer:**
I/S Fjordvegen er en interesseorganisasjon med varierende medlemstall. Pr 31.12.2018 hadde organisasjonen følende medlemmer:

| | | | |
|---|---|---|---|
| - Hardangerrådet IKS | - Stavanger Kommune | - Suldal Næringsforening | - Hotel Ullensvang |
| - Suldal Kommune | - Ullensvang Herad | - Rogaland Fylkeskommune | - Ullensvang Næringsforum |
| - Myrkdalen Fjellandsby | - Vik Kommune | - Vik Næringssamskipnad | - Marine Harvest Region Sør |
| - Felleskjøpet Rogaland | - Hordaland Fylkeskommune | - Sandnes Kommune | - Blix Hotell |
| - Stiftelsen Preikestolen | - Ryfylke IKS | - Hjelmeland Kommune | - Hjelmeland Spa-Hotell Velvære |
| - Sogn og Fjordane fylkeskommune | - Strand Kommune | - Eidfjord Kommune | |
| | - Odda Kommune | - Balestrand Kommune | |
| - Næringsforeningen i Stavanger-regionen | - Voss Kommune | - Hardangerbrua | |
| - Ulvik Herad | - Sauda Kommune | - Folgefonntunnelen | |

I/S Fjordvegen

# Noter 2018

## Note 4 - Overføringer annen egenkapital

| | Annen egenkapital | Sum egenkapital |
|---|---|---|
| Pr 1.1. | 383 556 | 383 556 |
| Anvendt til årsresultat | -39 898 | -39 898 |
| Andre transaksjoner:Korrig.av tidl. års feil | -310 000 | -310 000 |
| **Pr 31.12.** | **33 658** | **33 658** |

## Note 5 - Korrigering av tidligere års feil

Det er ført en pensjonsforpliktelse på kr 310 000 mot egenkapitalen. Dette er krav til Hardangerrådet iks og gjelder for perioden 01.10.2013 til 31.12.2017. I/S Fjordvegen har valgt å føre denne korrigeringen mot egenkapitalen. Små foretak har valgadgang mht. resultatføring eller føring mot egenkapital ihht NRS 8.

# ÅRSMELDING 2018

**Generelt.**
Fjordvegen Rute 13 er eit interesseselskap for den viktige indre samferdselsåra Rv/Fv 13 på Vestlandet som går gjennom dei 3 fylka Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane.
Fjordvegen Rute 13 er ei livsnerve for kommunane den går gjennom, både for næringsliv /turisme og innbyggjarar.
Fjordvegen Rute 13 har riksvegstatus på strekninga Sandnes - Røldal – Røldal/Jøsendal (saman med E 134) - Jøsendal/Odda – Voss-Vik/Vangsnes-Hella (tilslutta med Rv 55 Hella-Sogndal), og Fylkesvegstatus på strekninga Dragsvik – Gaular - Moskog/Førde.
Fv 13 /Rv 13 har turistvegstatus på strekningane Moskog/Førde - Balestrand, Kinsarvik – Tyssedal og Røldal – Oanes (Forsand).

**Vedtekter godkjende på Årsmøtet 2013**
Nye vedtekter for eit revitalisert Fjordvegen Rute 13 vart vedteke på Årsmøtet 06.06.2013.
Her er føremåla:
1. Å arbeida for utbygging av Fv/Rv13 slik at denne blir ein trygg veg med gjennomgåande høg standard og gul midtstripe for heile strekninga.
2. Å marknadsføra vegstrekninga som ei effektiv og vakker transportåre og som den indre stamvegen frå Nord – Jæren til Sunnfjord.

Føremålet er følgt opp med ein årleg revidert treårig Handlingsplan med desse måla:
- Fjordvegen Rute 13 skal verta den viktigaste reiskapen for regionar, kommunar og verksemder til å skaffa midlar til rassikring, fullverdig vegstandard utan standardbrot og med gul stripe på Riksveg/Fylkesveg 13.
- Fjordvegen Rute 13 skal målretta støtte reiselivet i Fjordveg-regionen for auka konkurransekraft basert på lokale opplevingar.

Handlingplanen er følgt opp med to årleg reviderte tiltaksplanar.

Vedtektene er føreslått revidert til årsmøtet 2019 på basis av regionreforma f.o.m. 2020.

**Styret 2018:**
Styret har 8 styremedlemer. Det er 5 årsmøtevalde for 2 år om gongen og 3 valde frå fylkeskommunane for ein 4-årig valbolk. Styret skal ha møte så ofte som arbeidet krev det.
Styret skal driva selskapet for utvikling, pådriving og gje uttalar på vegne av organisasjonen.
Styret har i 2018 halde 6 styremøte og handsama 25 saker i tillegg til Årsmøtet 2018 som vart halde på Blix Hotel i Vik den 08.05.2018.
Styret har årleg invitert eksterne innleiarar i møta, m.a. frå Statens vegvesen.

**Styret i 2018:**
Gerd Helen Bø, Suldal kommune - leiar
Sigbjørn Hauge, Voss kommune - nestleiar
Morten Midlang, Vik kommune
Irene Heng Lauvsnes, Strand kommune
Roald Aga Haug, Odda kommune

**Varamedlemmer i rekkefølgje:**
1. Edmund Utne, Hotel Ullensvang
2. Solfrid Borge, Ullensvang herad
3. Harald Offerdal, Balestrand kommune

**2015/2019 Fylkesvalde med personleg varamedlem:**

| | | |
|---|---|---|
| Arne Bergsvåg, Rogaland fylkeskommune | varamedlem: | Svanhild Løge Skålheim |
| Marthe Hammer, Hordaland fylkeskommune | varamedlem: | Gard Folkvord |
| Arnstein Menes, Sogn og Fjordane fylkesk. | varamedlem: | Harald Bjarte Reite |

**Valnemnd 2018**: Marta Finden Halset (leiar), Hans Erik Ringkjøb, Torkel Myklebust.

**Administrasjon.**
Fjordvegen Rute 13 kjøper administrative tenester hjå Hardangerrådet IKS. Dagleg leiar i Hardangerrådet IKS Jostein Eitrheim, er også dagleg leiar i Fjordvegen Rute 13 og er saman med konsulent Trude L. Rinaldo sekretariat for selskapet.
Konsulent Hanne Sundbø er tilsett i Hardangerrådet frå 01.10.2013 - 30.09.2019.
Tilsetjingsavtale med konsulent Hanne Sundbø er gjort for 2 år om gongen, og denne er i 2017 fornya for perioden 1.10.2017 – 30.09.2019.
Hardanger Økonomiservice as har ført rekneskapen og Indre Hordaland Revisjonsdistrikt har vore revisor for selskapet i 2018.

**Medlemskap**
Medlemskap: Alle som støttar føremålet, kan verte medlem og betala etter kategori.
I året 2018 har selskapet 13 kommunar, 3 fylkeskommunar, 2 regionråd, 3 næringsforeningar, og 9 verksemder/stiftingar/bompengeselskap som medlemar (pr 31.12.):

| | | |
|---|---|---|
| Stavanger kommune | Postboks 8001 | 4068 STAVANGER |
| Sandnes Kommune | Postboks 583 | 4305 SANDNES |
| Ulvik herad | Skeiesvegen 3 | 5730 ULVIK |
| Sauda kommune | Postboks 44 | 4201 SAUDA |
| Strand kommune | Rådhusgt. | 4100 JØRPELAND |
| Hjelmeland kommune | Vågavegen 116 | 4130 HJELMELAND |
| Suldal kommune | Eidsvegen 7 | 4230 SAND |
| Odda kommune | Oppheimsgt.31 | 5750 ODDA |
| Eidfjord kommune | Simadalsv. 1 | 5783 EIDFJORD |
| Ullensvang herad | | 5780 KINSARVIK |
| Voss kommune | PB 145 | 5701 VOSS |
| Balestrand kommune | Rådhuset | 6899 BALESTRAND |
| Vik kommune | PB 134 | 6891 VIK I SOGN |

2

| | | |
|---|---|---|
| Sogn og Fjordane fylkeskommune | | 6863 LEIKANGER |
| Hordaland fylkeskommune | Postboks 7900 | 5020 BERGEN |
| Rogaland fylkeskommune | Postboks 299 | 4002 STAVANGER |
| Hardangerrådet iks | PB 78 | 5782 KINSARVIK |
| Ryfylke iks | | 4130 HJELMELAND |
| Vik Næringssamskipnad | | 6893 VIK i Sogn |
| Ullensvang Næringsforum | Pb 73 | 5782 KINSARVIK |
| Suldal Næringsforening | Sandsvegen 134 | 4230 SAND |
| Stiftelsen Preikestolen | PB 199 | 4126 JØRPELAND |
| Hardangerbrua | | 5781 LOFTHUS |
| Folgefonntunnelen A/S | | 5470 ROSENDAL |
| Felleskjøpet Rogaland Agder SA | Pb 208 | 4001 STAVANGER |
| Myrkdalen Fjellandsby | | 5713 VOSSESTRAND |
| Marine Harvest Region Sør (frå 2019: MOWI) | | 4130 HJELMELAND |
| Hotel Ullensvang | | 5781 LOFTHUS |
| Blix hotell | Sentrumsgata 44 | 6891 VIK I SOGN |
| Spa-hotell Velvære | Vågavegen 44 | 4130 HJELMELAND |

**Kontingent 2018 for Fjordvegen Rute 13**

Justering er vedtatt på årsmøtet 2017.

| | | |
|---|---|---|
| Medlemskategori 1: Kommunar | kr | 35.000 |
| Medlemskategori 2: Næringsselskap/Interesseselskap over 50 medlemmer | kr | 10.000 |
| Medlemskategori 3: Næringsselskap/Interesseselskap inntil 50 medlemmer | kr | 5.000 |
| Medlemskategori 4: Bedrifter/Andre med over 100 tilsette | kr | 5.000 |
| Medlemskategori 5: Bedrifter/Andre med under 100 tilsette | kr | 2.500 |
| Medlemskategori 6: Fylkeskommunar | kr | 85.000 |

**Kort om arbeid i selskapet i 2018**

Saman med kommunar, fylkeskommunar og andre aktørar har Fjordvegen Rute 13 arbeidd i høve oppstart av revisjon av NTP og oppfølging av det årlege Handlingsprogrammet til NTP. Påverking for å få fokus på prosjekt langs Rv 13 er prioritert. Det er arbeidd mot politisk nivå for å få finansiert og igangsett viktige prosjekt.

**NTP 2018 - 2029 Prioritering frå Fjordvegen Rute 13:**
Fjordvegen Rute 13 gjorde i samband med høyring til revidert NTP i 2017 einstemmig vedtak om prioriterte tiltak for Rv13 gjennom alle 3 fylka: Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane.

Denne lista er:

A. **Svært viktige vegprosjekt med stor samfunnsnytte:**

| | |
|---|---|
| 1. Rv 13 Vikafjellstunnelen | Hordaland/Sogn og Fjordane |

B. **Sikra særs rasutsette vegparsellar:**

| | |
|---|---|
| 1. Rv 13 Lovraeidet – Rødsliane | Rogaland |
| 2. Rv 13 Øvre Lonevatn og Brattlandsdalen | Hordaland |
| 3. Rv 13 Odda – Tyssedal | Hordaland |

C. **Trafikksikringstiltak:**

| | |
|---|---|
| 1. Rv 13 Kinsarvik – Bu | Hordaland |

D. **Sikra øvrige rasutsette vegparsellar**

| | |
|---|---|
| 1. Rv 13 Melkeråna – Årdal ( lang tunnel ) | Rogaland |
| 2. Rv 13 Kvassdalen | Hordaland |
| 3. Rv 13 Oddadalen | Hordaland |
| 4. Rv 13 Lovra – Lovraeidet | Rogaland |

Etter Stortingsvedtaket for NTP som gav lite uttelling for rassikring langs Fjordvegen, har styret intensivert arbeidet i høve neste NTP-revisjon.

**Møte med Stortingsbenkane:**
Deler av styret og administrasjonen hadde den 4. desember 2018 møte med 16 representantar frå Stortingsbenkane for Rogaland og Hordaland. I dette møtet vart det orientert om arbeidet som Fjordvegen Rute 13 gjer for å løfta vegen opp på prioriteringslister for både investering og drift.
Møtet drøfta ulike utfordringar inn mot den føreståande NTP-prosessen.

**Travel like the locals – Kollektivprosjektet for auka turisme**
Fjordvegen Rute 13 har etter Dialogkonferansen 2016 på Hotel Ullensvang tatt opp tråden med eige prosjekt etter FRAM Møre og Romsdal si orientering om «Travel like the locals». Fjordvegen Rute 13 deltok på workshop i Bergen og møte i Hardanger om ruteforslag i Fjordveg-regionen etter at Hordaland fylkeskommune tok eit vidare initiativ.

«Travel like the locals» har vore tema i samling for næringssjefane i alle fylka som utgjer Vestlandsrådet. Her er det semje om at prosjektnamn og -modell på sikt må verta sams for alle 4 fylka.
Planlegging av felles prosjekt starta i 2018. Innleigd prosjektleiar frå FRAM, Marit Holen starta opp prosjektet f.o.m. januar 2019. Prosjektet er basert på samarbeid med kollektivselskapa og destinasjonsselskapa i dei tre fylka, og første testruter skal vera klar til sommaren 2019.

<u>Uttalar</u>
Fjordvegen Rute 13 har i 2017 kome med slik uttale:
I oktober til Hordaland fylkeskommune, Statens Vegvesen og Transport- og kommunikasjonskomiteen på Stortinget: vedk. rashending på Rv13 mellom Odda og Tyssedal 26.9.2018.

**Handlingsplan 2018 – 2020: oppfølging:**
Nokre tema har vore særskilt jobba med i 2018:

**Profileringsarbeidet 2018:**
Konsulent Hanne Sundbø har sidan oppstart av profileringsprosjektet i 2013 vidareført innsatsen hovudsakleg med profilering, presentasjonar og selskapet sine eigne konferanse-arrangement.

Medlemsskrivet **Fjordvegdrøsen** pr epost fortel om nytt frå styrets arbeide og større prosjekt samt det som skjer rundt Rv/Fv 13 i media og frå vegselskapet og medlemmane

Heimesida **www.fjordvegen.no** er faktabasert og fungerer som informasjonsstad for alle eksterne. Ytringar frå nærings-medlemmer er presentert samt større prosjekt som Fjordvegen Rute 13 er engasjert i.
Sosiale media har fått eit omfattande fokus. **Facebook-profilen** blir som oftast oppdatert fleire gongar kvar veke med generelt nytt om samferdsel i Fjordveg-regionen, spesifikke rasproblem samt medlemsnytt. Rundt 560 følgjarar hadde profilen ved årsskiftet.
Frå januar 2018 er det oppretta **Instagram-profil** som blir brukt til spreiing av informasjon med fotos frå utfordringar langs vegen og informasjon frå faglege og politiske arrangement Fjordvegen Rute 13 deltek i.

**Årskonferansen** sirkulerer mellom dei tre fylka og aukar i deltaking år for år. Det er mål om at årskonferansen skal vera eit av dei viktigaste fundamenta for selskapet sitt eksterne virke. Ambisjonane er å setja agenda, ha gode innleiiarar og brei, sentral politisk deltaking som gjer det attraktivt for medlemmane å delta, samt skapa ein god arena for samferdsel og samfunnsdebatt, påverknad og relasjonsbygging. Konferansen fyller eit behov for ein arena på tvers av tre fylkesgrenser, fagmiljø, næring og politikk som ingen andre tilbyd.

Årskonferansen 8. mai 2018 i Vik i Sogn hadde overskrifta «**Fjordveg-regionen etter opning av Ryfast 2019»** og sette fokus på desse tema:
– ***Reiseliv og reiseruteutvikling***: Kva kan dei Nasjonale turistvegane bety for verdiskaping og næringsutvikling? Kollektivprosjekt – Travel like the locals, kva skjer i 2018 og -19?

– ***Ryfast opnar om litt over eitt år*** – status 2018. Kva med framtida? Innleiarane skal sjå inn i glaskula og spå om samfunnsutviklinga for heile Fjordveg-regionen etter 2019

– ***Fjordvegen Rute 13 etter vedtaket av Nasjonal transportplan 2018-2029*** – kva med neste NTP? Kva kan me læra av prosessen, korleis koma i posisjon for neste prosess? Dei store prosjekta i investering i høve dei indre fjorder sitt presserande behov for rassikring og standardheving.

Det var heile 20 eksterne innleiarar og debattantar og ca 70 deltakarar totalt. Konferansen fekk god pressedekning.

5

**Medlemspleie og rekruttering:**
Medlemmane har vore aktivt trukke inn der det har vore naturleg i samband med lokale møte og aktivitet.

**Statusrapportar frå utviklinga av Rv/Fv 13 i dei 3 fylka.**
Kvart styremøte har ein eigen post der styremedlemmene oppdaterer kvarandre om kva som skjer på vegsektoren for Rv/Fv 13 i sine område. På denne måten kan styremedlemmene sjå heile Fjordvegen samla og kan bruka informasjonen til vidare arbeid for regionane sine eigne prosjekt.
Det skjer gledeleg mykje langs Rv/Fv 13 og mange planar er under arbeid. Den gule stripa et seg framover meter for meter. Saman med flinke kommunar og vegselskap, langs og i tilknyting til Rv/Fv 13, vert det tunnelar, bruer, utbetringar og rassikring.
IS Fjordvegen Rute 13 understrekar at selskapet med eit aktivt styre vil vera ein profilert medspelar, pådrivar og reiskap for all aktivitet som betrar Rv/Fv13, men er avhengig av samspel med aktive kommunar og vegselskap og kan ikkje overta for desse.

**Kommentarar til rekneskapen. Vidare drift.**
Rekneskapen for 2018 er ført etter rekneskapslova som eige selskap av Hardanger Økonomiservice AS og revidert av Indre Hordaland Revisjonsdistrikt.

Rekneskapen for 2018 viser at selskapet hadde driftsinntekter på 865.425 kr og driftsutgifter på 909.786 kr. Driftsresultatet er på -44.361 kr. Renteinntekter er på 4.463 kr. Dette gjev eit ordinært årsresultat på -39.898 kr. Driftsresultatet er påverka av at ikkje ført pensjonskostnad for konsulent vart oppdaga av Hardanger Økonomiservice ved rekneskapsgjennomgang for 2018. Denne feilen har akkumulert seg frå 2013 som var første året kontraktsåret for konsulent tilsett i Hardangerrådet og utleigd til IS Fjordvegen Rute 13.

Det akkumulerte beløpet for påløpt pensjonskostnad for perioden 01.10.2013 - 21.12.2017 er ført mot eigenkapitalen som ei gjeld til Hardangerrådet iks.

Den påløpte pensjonskostnaden for 2018 er ført i driftsrekneskapen med kr 70.000 (konto 5860), men denne er ikkje budsjettert.

Eigenkapitalen pr. 31.12.2018 er på 33.658 kr.

**Diverse.**

Arbeidsmiljø og personale.

Selskapet har ikkje eigne tilsette, men kjøper sekretærtenestene og profileringstenester frå Hardangerrådet iks. Jostein Eitrheim er dagleg leiar i Fjordvegen Rute 13 i 2018.

Likestilling.

Selskapet sitt styre er 5 menn og 3 kvinner og varamedlemmene i styret er 4 menn og 2 kvinner.

Miljø.

Fjordvegen Rute 13 si drift ureinar ikkje det ytre miljøet.

Kinsarvik 03.04.2019

| | |
|---|---|
| Gerd Helen Bø<br>styreleiar | Sigbjørn Hauge<br>nestleiar |
| Irene Heng Lauvsnes<br>styremedlem | Roald Aga Haug<br>styremedlem |
| Morten Midlang<br>styremedlem | Arne Bergsvåg<br>styremedlem |
| Marthe Hammer<br>styremedlem | Arnstein Menes<br>styremedlem |
| Jostein Eitrheim<br>dagleg leiar | |

7

Indre Hordaland Revisjonsdistrikt

Til styret i I/S Fjordvegen Rute 13

**UTTALE OM REVISJONEN AV ÅRSREKNESKAPEN**

**Konklusjon**

Vi har revidert årsrekneskapen for I/S Fjordvegen Rute 13 som viser eit underskot på kr. 39.898,-. Årsrekneskapen består av balanse per 31. desember 2018 og resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei skildring av vesentlege nytta rekneskapsprinsipp og andre noteopplysningar.

Etter vår meining er årsrekneskapen som er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av I/S Fjordvegen Rute 13 si finansielle stilling og resultat per 31.desember 2018. Regnskapsåret er avslutta per denne dato og rekneskapen er i samsvar med rekneskapsloven sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

**Grunnlag for konklusjon**

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er skildra i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen.* Vi er uavhengige av organisasjonen slik det er krav om i lov og forskrift, og har overhelde dei etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

**Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen**

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslovas reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er og ansvarleg for den internkontrollen som er naudsynt for å kunne utarbeide eit rekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil.

**Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen**

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tilstrekkeleg tryggleik for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller utilsikta feil, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tilstrekkeleg tryggleik er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleg framferd eller utilsikta feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tek basert på årsrekneskapen

Vangsgata 30, Postboks 274, 5702 Voss, Telefon 56 53 00 20, E-post post@ihrevisjon.no, www.ihrevisjon.no

Indre Hordaland Revisjonsdistrikt

**Uttale om andre lovmessige krav**

*Konklusjon*

Etter vår meining er årsrekneskapen levert i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av den finansielle stillinga til I/S Fjordvegen Rute 13 per 31. desember 2018, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen jamfør rekneskapslovas reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

**Uttale om andre forhold**

*Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om framleis drift og forslaget til dekning av underskotet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

*Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som skildra ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendig jamfør internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE)3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller begrenset revisjon av historisk finansiell informasjon», meinar vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av organisasjonen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Voss, 27. februar 2019

Elin Bye

Elin Bye

Registrert revisor